



**Referanser:** KM 10/15, KM 10/16, KR 14/20

**Arkivsak:** 20/00157-2

## **Pensjonsleverandør frå 2021 for tilsette i Den norske kyrkja (rettssubjektet)**

### **Samandrag**

Førebuing og gjennomføring av forvaltningsreforma i 2017 stadfesta at spørsmålet om pensjon er svært viktig for mange av våre tilsette. Pensjon er ein viktig del av dei samla arbeidsvilkåra, anten ein er i eit arbeidsforhold, eller skal vurdere ein framtidig arbeidsgjevar.

Den lovfesta ordninga som gjev tilsette i rettssubjektet medlemskap i SPK gjeld til 31.12.2020. Hovudtariffavtalen regulerer val av pensjonsordning, den skal vere ytingsbasert. Det vert arbeidd med å vidareføre medlemskapen i SPK. Kyrkjerådet vil samstundes vurdere KLP som ein mogleg alternativ leverandør.

### **Framlegg til vedtak**

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å treffe følgjande vedtak:

1. Tilsette i Den norske kyrkja (rettssubjektet) skal framleis ha sikre arbeidsvilkår.
2. Kyrkjemøtet gjev Kyrkjerådet fullmakt til å velje pensjonsleverandør mellom dei som leverer pensjonsordning i medhald av tariffavtale.

# Saksorientering

## Bakgrunn

Sak KM 10/15 handsama Kyrkjemøtets høyringsfråsegn til departementet om framlegg til ny kyrkjelov. Til spørsmålet om pensjon uttalte Kyrkjemøtet:

*Til kapittel 14. Spørsmålet om pensjonsordning  
Kirkemøtet understreker betydningen av at pensjonsrettighetene til de ansatte som er berørt av virksomhetsoverdragelsen, blir ivaretatt på en god måte.*

*Kirkemøtet støtter departementets forslag om at kirken selv velger pensjonsordning og at det gis en overgangsperiode på tre år hvor Statens pensjonskasse opprettholdes som pensjonsordning.*

*Kirkemøtet ber om at perioden forlenges fram til tariffrevisjonen i 2020.*

*Kirkemøtet gir sin tilslutning til at retten til AFP blir lovregulert i overgangsperioden.*

*Kirkemøtet vil ta pensjonsspørsmålet opp til behandling i 2019, etter forutgående prosess med alle berørte parter. Dersom det velges en annen løsning enn Statens pensjonskasse, vil man på det tidspunkt ta stilling til statens tilbud om en lukket ordning for medlemskap i Statens pensjonskasse for de som allerede er medlemmer.*

*Kirkemøtet understreker betydningen av at fremtidige rammetilskudd fra staten dekker pensjonskostnadene.*

Året etter handsama Kyrkjemøtet i sak KM 10/16 spørsmålet om innmelding i arbeidsgjevarorganisasjon, og treffe følgjande vedtak i to punkt:

- 1. Kyrkjemøtet gir KA Arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemder fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtale, samt å gi eller motta kollektiv arbeidsoppseiing på Den norske kyrkjas vegne når rettssubjektivitet for Den norske kyrkja føreligg.*
- 2. Kyrkjemøtet gir Kyrkjerådet fullmakt til å:
  - a) Melde det nye rettssubjektet inn i KA Arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemder*
  - b) Forhandle vilkår for medlemskapet*
  - c) Forvalte medlemskapet**

Konsekvensen av vedtaket i KM 10/16 er at spørsmålet om kva for pensjonsordning rettssubjektet Den norske kyrkja skal ha, er gjenstand for tariffregulering. I dagens tariffavtale har tilsette i Den norske kyrkja ei ytingsbasert pensjonsordning. For tilsette i rettssubjektet er Statens pensjonskasse (SPK) pensjonsleverandør gjennom lovregulering ut 2020.

Tariffregulering inneber at det er partane som gjennom tariff-forhandlingar må verte samde om eventuelle endringar. Deretter er det arbeidsgjevar som vil vurdere og avgjere etter drøftingar kva for pensjonsleverandør som er mest føremålstenleg. Det er pr. i dag to leverandørar som leverer ytingsbasert pensjon: SPK og KLP.

## Vurdering

Førebuing og gjennomføring av forvaltningsreforma i 2017 stadfesta at spørsmålet om pensjon er svært viktig for mange av våre tilsette. Pensjon er ein viktig del av dei samla arbeidsvilkåra, anten ein er i eit arbeidsforhold, eller skal vurdere ein framtidig arbeidsgjevar.

Den lovfesta ordninga som gjev tilsette i rettssubjektet medlemskap i SPK gjeld til 31.12.2020. Hovudtariffavtalen regulerer val av pensjonsordning, den skal vere ytingsbasert. Det vert arbeidd med å vidareføre medlemskapen i SPK. I kundedialogen med SPK kjem det tydeleg fram at SPK på si side gjerne vidarefører dette kundetilhøvet. Kyrkjerådet vil samstundes vurdere KLP som ein mogleg alternativ leverandør. KLP er leverandør til fleire av dei kyrkjelege fellesråda.

Denne saka handlar om val av pensjonsleverandør. Kyrkjerådet bed Kyrkjemøtet om fullmakt til å velje mellom dei aktuelle pensjonsleverandørane. Dette valet vil vere av praktisk, og ikkje politisk eller prinsipiell, karakter. Det kan difor vere føremålstenleg at Kyrkjerådet får fullmakt frå Kyrkjemøtet i denne saka.

Spørsmålet om å endre sjølve pensjonsordninga vil vere opp til tariffpartane. Ei slik endring vil få konsekvensar for både tilsette og for arbeidsgjevar, og slike prosessar tek normalt fleire år. Det er fleire konkrete omsyn som talar mot ei slik endring no:

- Ny kyrkjeleg organisering står på dagsorden dei neste åra. Det kan vere fornuftig å sjå arbeidet med pensjonstilhøve i samband med dette organiseringsarbeidet, ev i etterkant av at organiseringa er avgjort.
- Sidan både rettssubjektet Den norske kyrkja og fellesråda er offentleg finansierte, vil det være en fordel for legitimiteten ved eventuelle endringar å kunne «samsvinge» med offentleg sektor.
- Kyrkja opplever store rekrutteringsutfordringar, og det vert arbeidd med å motivere til utdanning og teneste. Med dette som bakteppe kan endringar i pensjonsordninga, og med det arbeidsvilkåra, vere krevjande å kommunisere.

Ei eventuell endring av pensjonsordninga bør med andre ord vente til fleire element er avklart.

## Økonomiske/administrative konsekvensar

Saka har ingen økonomiske/administrative konsekvensar.